


Til Hordaland fylkeskommune



Søknad om 10.000,- til symjekurs for busette flyktningar i Nordhordland

Idrettsråda i Nordhordland ønskjer å gjennomføre eit symjeopplærings- og inkluderingsprosjekt for flyktningar og andre nye landsmenn/kvinner i Nordhordland.

Vi veit det er eit udekket behov for symjeopplæring, og vi veit det er behov for inkludering i denne målgruppa.

Dette ønskjer vi å gjere noko med. Vi ser dette som ei naturleg vidareutvikling av samarbeidet mellom idrettsråda i regionen. Formelt er det Nordhordland Padleklubb som hermed søker om prosjektmidler til eit 10 timars symjekurs i bassenget i Radøyhallen i løpet av mars-april 2014. Vi har ved hjelp av Ove Grindheim i Radøy symjeklubb skaffa 2 godkjende symjeinstruktørar frå Åstveit Svømmeklubb, og tenkjer oss 5 søndagar pr 2 timar framover.

Nordhordland Padleklubb brukar same bassenget til sitt lågterskeltilbod (utviklingshemma og «ferskingar»), og til kajakkpolo-trening. For å best mogleg sikre inkluderings-«gevinst» av symjeprosjektet vil vi ha kurset like i forkant av NHP sine tilbod, slik at dei som ønskjer det, kan «mingle» og prøve kajakk etter kurset kvar gong. NHP ønskjer nye medlemmer og ser dette som ein god vervekampanje. Radøy symjeklubb har tilbod for dei som ønskjer å fortsette med symjing. Dermed vil prosjektet også ha framtidig nytte for alle partar.

Meland Frivilligsentral formidlar kontakt med flyktningetenesta i Meland og Nordhordland om deltakarar, og koordinerar tilbodet saman med NHP. Vi har fått tilbakemelding om interesse frå Austrheim kommune og Meland kommune, ventar på svar frå øvrige kommunar.

Vi tenkjer å sette maksimalt antal deltaklarar til 15 denne gongen, og heller arrangere nye kurs neste vinter viss det er behov. Oppstart av kurset er søndag 16.mars.

Budsjett:

Inntekter		Utgifter	
Hordland Idrettskrets	8 000	Leige 2 instruktører x 10 timar	15 000
Dugnad	3 000	Leige basseng	2 500
Hordaland fylkeskommune	10 000	Køyreutgifter	4 000
Eigenandel deltakarar	1 500	Planlegging og tilrettelegging. Marknadsføring	5000
Meland kommune	4 000	Diverse	2 000
Nordhordland Padleklubb	2 000		
Totalt	28 500		28 500

Helsing Audun Håland, inkluderingsansvarleg i NHP og Meland idrettsråd

Org.nr: 99 35 71 121

Konto nr. NHP: 3632 56 66182

Adresse: Galtenesvegen 42, 5918 Frekhaug